




# St.meld. nr. 24

(2004–2005)

---

Erstatningsordningar for barn i  
barneheimar og spesialskular for  
barn med åtferdsvanskår





# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing . . . . .</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>Innspel frå interessegrupper og kommunar . . . . .</b>	<b>21</b>
1.1	Bakgrunn . . . . .	5		Stiftelsen Rettferd for taperne . . . . .	21
1.2	Innhaldet i meldinga . . . . .	6	4.1	Støttegruppene i Stavanger, Bergen og Oslo . . . . .	21
1.3	Oppsummering . . . . .	6	4.2	Statens råd for funksjonshemma . . . . .	22
<b>2</b>	<b>St.meld. nr. 44 (2003–2004)</b>		4.3	Innspel frå kommunar . . . . .	22
	<b>Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tater og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener – innhald, konklusjonar og tilrådingar . . . . .</b>	9	4.4		
2.1	Presentasjon av rapporten om den generelle behandlinga av nye erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet . . . . .	9	<b>5</b>	<b>Vurderingar og forslag: kvalitet og kontroll, dei generelle velferdsordningane og erstatningsrettslege ansvarsforhold . . . . .</b>	23
2.2	Nærare om Stortinget si rettferdsvederlagsordning . . . . .	10	5.1	Innleiing . . . . .	23
2.2.1	Nærare om søknader om rettferdsvederlag for forhold i barneheimar og spesialskular . . . . .	10	5.2	Kvalitet og kontroll . . . . .	23
2.3	Nærare om erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/taterar og eldre utdanningsskadelidne samar og kvener (del II–IV) . . . . .	11	5.3	Dei generelle velferdsordningane i samfunnet . . . . .	24
2.3.1	Erstatningsordning for krigsbarn . . . . .	11	5.4	Årsaker til at overgrep og omsorgssvikt kunne skje – erstatningsrettslege ansvarsforhold . . . . .	25
2.3.2	Erstatningsordning for romanifolk/ taterar . . . . .	11	<b>6</b>	<b>Nærare gjennomgang av tilrådingane frå kartleggingsutvalet om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning . . . . .</b>	28
2.3.3	Erstatningsordning for eldre utdanningsskadelidne samar og kvener . . . . .	12	6.1	Innleiing . . . . .	28
<b>3</b>	<b>NOU 2004: 23 Barnehjem og spesialskoler under lupen – innhald, konklusjonar og tilrådingar . . . . .</b>	<b>13</b>	6.2	Avgrensingsspørsmål . . . . .	28
3.1	Sentrale konklusjonar . . . . .	13	6.3	Gjennomgang av tilrådingane om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning . . . . .	29
3.2	Nærare om tilrådingane om erstatningsspørsmålet . . . . .	18	6.4	Utmåling av rettferdsvederlag . . . . .	29
			6.5	Forholdet til andre økonomiske ordningar . . . . .	30
			6.6	Saksbehandling av søknader om rettferdsvederlag frå tidlegare barneheimsbarn . . . . .	30
			<b>7</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar . . . . .</b>	31





DET KONGELEGE  
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 24

(2004–2005)

## Erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskår

*Tilråding frå Barne- og familieliedepartementet av 18. mars 2005,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innleiing

#### 1.1 Bakgrunn

I dei seinare åra har det kome fram, mellom anna gjennom media, Stiftelsen Rettferd for taperne og søknader om rettferdsvederlag, at fleire personar i barndommen i 1950–1960-åra blei utsette for omsorgssvikt og overgrep under opphold i barneverninstitusjonar.

I juni 2003 slo eit granskingsutval fast at det skjedde fysiske og seksuelle overgrep ved barneheimar i Bergen i perioden 1954-1980. Det var svikt både i det kommunale tilsynet og i det statlege overtilsynet. Granskingsutvalet konkluderte med at ansvaret for forholda i hovudsak måtte plasjerast hos Bergen kommune som systemansvarleg. Bergen kommune vedtok å etablere ei kommunal rettferdsvederlagsordning med erstatning på opp til kr 725 000.

Senter for Krisepsykologi utarbeidde på oppdrag frå Barne- og familieliedepartementet ei evaluering av granskingsutvalet i Bergen. Dei konkluderte med at granskning av enkeltinstitusjonar kan vere forsvareleg, ettersom det i seg sjølv kan opplevast som ei form for oppreisning. Men det blir peika på at det

er ei stor påkjenning for enkeltpersonar å skildre eigne opplevingar i detalj i ettertid. Det blir derfor sterkt tilrådd å sjå på andre løysingar.

Våren 2004 blei det sett i gang gransking i Oslo. Etter mandatet skal utvalet granske eventuelle ureglementerte forhold ved institusjonar der barnevernstenesta i Oslo plasserte barn i perioden 1954 til 1993. Rapport skal leggjast fram ved utgangen av 2005. I januar 2005 oppnemnde fylkesmannen i Rogaland på oppdrag frå Stavanger kommune og Rogaland fylkeskommune eit utval som skal granske eventuelle ureglementerte forhold ved institusjonar i Rogaland fylke. Granskingsutvalet skal leggjast fram ein første rapport innan 1. april 2006 dersom sluttrapport ikkje kan leggjast fram innan denne dato. Også andre kommunar vurderer å setje i gang granskingsutvalet.

Ei interdepartemental arbeidsgruppe har i ein rapport frå desember 2003 vurdert ei felles tilnærming og handtering av erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet. Regjeringa har sluttat seg til konklusjonane i rapporten frå arbeidsgruppa, og

oversende han til Stortinget i juni 2004 som vedlegg til St.meld. nr. 44 (2003–2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener*.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen i Stortinget stilte i oktober 2003 spørsmålet om barne- og familieministeren hadde oversikt over omfanget av overgrep mot barneheimsbarn i Noreg i perioden 1950–1980, og om årsakene til at overgrep eventuelt kunne skje. Komiteen blei informert om at statsråden ville setje ned eit utval med det formålet å kartlegge omfanget av og bakgrunnen for omsorgssvikt og overgrep mot barneheimsbarn i perioden 1945–1980. Statsråden uttalte at det etter dette ville bli vurdert korleis ein skulle gå vidare med den kunnskapen som blei henta inn. Kartleggingsutvalet, leidd av professor Edvard Befring, la fram rapporten sin 1. november 2004. Rapporten er trykt i NOU 2004: 23 *Barnehjem og spesialskoler under lupen. Nasjonal kartlegging av omsorgssvikt og overgrep i barneverninstitusjonar 1945–1980*.

Kunnskap om omfanget av og om årsakene til at det kunne skje overgrep i barneverninstitusjonar i perioden 1945–1980, finst no tilgjengeleg gjennom rapporten frå kartleggingsutvalet. Utvalet kjem også med tilrådingar om oppfølgjing.

## 1.2 Innholdet i meldinga

Nedanfor vil omgrepet «spesialskular» bli brukt om skuleheimar/spesialskulane for barn og ungdom med tilpassingsvanskår/verneskuluar, som kartleggingsutvalet viser til.

I kapittel 2 er det gjort greie for innhald, konklusjonar og tilrådingar i St.meld. nr. 44 (2003–2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener*. Det blir gitt ei oversikt over forslaget til tilnærming og handtering av erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet. Det blir òg presentert ei oversikt over Stortinget si rettferdsvederlagsordning, og ei oversikt over korleis rettferdsvederlagssakene som gjeld barneheims- og spesialskulebarn blir behandla i dag. Det blir kort gjort greie for tilpassingane i rettferdsvederlagsordninga som er foreslått for krigsbarn, romanifolk/taterar og eldre utdanningsskadelidne samar og kvener. Kapittel 3 presenterer sentrale konklusjonar i NOU 2004: 23 *Barnehjem og spesialskoler under lupen* (kapittel 1) og tilrådingane om sjølv erstatningsspørsmålet (punkt 12.4) i rapporten. Kapittel 4 presenterer innspel og krav frå Stiftelsen Rettferd for taperne og frå støttegrup-

pene i Stavanger, Bergen og Oslo, frå Statens råd for funksjonshemma og innspel frå Bergen, Stavanger og Oslo kommune.

I kapittel 5 kjem Barne- og familidepartementet med si vurdering av dei ulike innspela frå kartleggingsutvalet, interessegruppene og kommunane når det gjeld kvalitet og kontroll, dei generelle velferdsordningane og erstatningsrettslege ansvarsforhold. Desse spørsmåla blir vurderte på bakgrunn av dei gjeldande ordningane på området.

Kapittel 6 omhandlar nærmere kartleggingsutvalet sine konklusjonar og tilrådingar når det gjeld tilpassingar av Stortinget si rettferdsvederlagsordning.

## 1.3 Oppsummering

Barne- og familidepartementet vil understreke at det var mange tilsette i barneheimane og spesialskulane som gjorde ein stor innsats for at barna skulle få gode oppvekstvilkår. Mange av institusjonane fungerte som gode erstatningsheimar. Oppfølginga i denne meldinga rettar seg mot den gruppa som kartleggingsutvalet fann blei utsette for omsorgssvikt og overgrep, jf. NOU 2004:23 *Barnehjem og spesialskoler under lupen*.

Forsлага i St.meld. nr. 44 (2003–2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener*, som også inneheld forslag om ei generell behandling av nye erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet, vil i hovudsak bli lagde til grunn. Meldinga ligg til behandling i Stortinget.

Kartleggingsutvalet hadde som mandat å skaffe fram kunnskap om omsorgssvikt og overgrep i institusjonar der barnevernet plasserte barn i tidsrommet 1945–1980. Formålet med kartlegginga var å få fram ei meir heilskapleg oversikt over omfanget av omsorgssvikt og overgrep, bakgrunnen for at dette kunne skje, og korleis tilsynsfunksjonane blei utførte.

Barne- og familidepartementet legg til grunn konklusjonane til kartleggingsutvalet om at det skjedde omsorgssvikt og overgrep av til dels alvorleg karakter ved barneheimar og spesialskuluar i perioden 1945–1980.

Kartleggingsutvalet kjem med tilrådingar om å styrke kontrollen med og kvaliteten i barneverninstitusjonar, og dei peikar på moglege modifikasjonar i den alminnelege erstatningsretten. Dei meiner vidare at ved sida av velferdsordningane i samfunnet vil Stortinget si rettferdsvederlagsordning vere den viktigaste ordninga for erstatning til

dei som er omfatta av mandatet. Fordi denne gruppa allereie fell inn under ordninga, meiner kartleggingsutvalet at det bør vere aktuelt å gjere ei tilpassing av ordninga i desse sakene.

Krav og innspel frå Stiftelsen Rettferd for taperne og støttegruppene i Stavanger, Bergen og Oslo blir lagde fram. Støttegruppene ønsker mellom anna tilpassingar i helse- og trygdeordningane, nasjonale retningsliner for kommunale granskningar, at statleg erstatning ikkje skal vere til hinder for kommunal erstatning, og at det blir utbetalte lik delerstatning til alle på kr 725 000. Stiftelsen Rettferd for taperne ønsker lik erstatning til alle på kr 500 000. Statens råd for funksjonshemma ønsker lik rettferdsvederlagsordning for alle barn som har vore plasserte utanfor heimen, uavhengig av heimelsgrunnlag og institusjonstype. Bergen, Stavanger og Oslo kommune reiser nokre spørsmål om samordningar mellom statleg og kommunal erstatningsordning.

Barne- og familiedepartementet er oppteke av at omsorgssvikt og overgrep ikkje må skje igjen. Denne meldinga viser til at kvaliteten i og kontrollen med barneverninstitusjonane er styrkt gjennom nytt regelverk og omorganisering innanfor barnevernet i samband med opprettinga av den nye Barne-, ungdoms- og familieetaten. Forholda ved barneverninstitusjonane blir nøyne følgde, mellom anna gjennom styringsdialogen med etaten.

Regjeringa legg dei generelle velferdsordningane til grunn og foreslår ingen endringar særleg tilpassa gruppa av tidlegare barneheims- og spesialskulebarn. I tråd med St.meld. nr. 44 (2003–2004) blir det vist til at gjeldande velferdsordningar framleis skal gjelde alle borgarar som har behov for slike tenester. Tidlegare barneheims- og spesialskulebarn som har behov for hjelp og stønad, må få dette gjennom dei gjeldande ordningane. Barne- og familiedepartementet viser til rettleiingstenesta i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, som gjev informasjon om rettferdsvederlagsordninga. Tenesta gjev også ved behov rettleiing i å finne fram til rett hjelp og stønad innanfor det ordinære velferdssystemet, og med å etablere kontakt med det lokale hjelpeapparatet. Tenesta blei styrkt ved utgangen av 2004.

NOU 2004: 23 har vist at det var fleire og samansette årsaker til at overgrep og omsorgssvikt kunne skje i barneheimar og spesialskular. Forholda ved institusjonane der det skjedde omsorgssvikt og overgrep, var dels fagleg, pedagogisk og etisk kritikkverdige, dels direkte ulovlege. Det er ikkje mogleg å peike på ei generell ansvarsfordeling mellom staten, kommunane og private i desse sakene. Ansvarsforholda må vurderast konkret i

forhold til enkeltsaker. Det kommunale sjølvstyret gjer at det vil vere opp til kommunane å vurdere på sjølvstendig grunnlag korleis dei vil stille seg til krav om kommunal granskning eller erstatning. Det følgjer av dette at det også vil vere kommunane som må bere ansvaret for dei eventuelle økonomiske kostnadene. Erstatningsrettslege krav retta mot staten på bakgrunn av overgrep eller omsorgssvikt under opphold i barneheimar eller spesialskular vil bli behandla på ordinær måte av det enkelte fagdepartement.

Barne- og familiedepartementet viser til at det er gjort endringar i § 9 i lov om foreldelse av fordringer. Ved lovendringa blei det gjort unntak frå den absolute foreldingsfristen på 20 år ved personskade dersom skaden blei valda medan den skadelidne var under 18 år. Lovendringa gjeld også krav som ikkje var forelda då endringa blei sett i kraft. Etter Regjeringa sitt syn er det ikkje behov for andre endringar i den alminnelege erstatningsretten. Det er vidare generelt ikkje ønskjeleg å lage nye særreglar avgrensa til å gjelde for enkeltgrupper.

Barne- og familiedepartementet meiner at rettferdsvederlagsordninga er ei viktig form for vederlag for tidlegare barneheims- og spesialskulebarn som ikkje har rettsleg krav på erstatning. Rettferdsvederlagsordninga er subsidiær. Det er likevel ikkje eit vilkår for å søkje om rettferdsvederlag at ein først har fremma eit ordinært erstatningsrettsleg krav. I dei fleste tilfella vil Stortinget si rettferdsvederlagsordning vere aktuell. Vurderinga av om det skal gjerast ei tilpassing av rettferdsvederlagsordninga for denne gruppa, må – jf. forslaget i St.meld. nr. 44 (2003–2004) vedlegg 1 – gjerast av Stortinget.

Barneheims- og spesialskulebarna er etter Barne- og familiedepartementet si vurdering i ei mellomstilling i forhold til forslaga til framgangsmåte for behandling av framtidige erstatningsrettslege krav, slik dette går fram av vedlegg 1 til St.meld. nr. 44 (2003–2004). Den politiske prosessen om erstatning til barneheims- og spesialskulebarn og den etterfølgjande utgreiinga var sett i gang før St.meld. nr. 44 (2003–2004) blei lagd fram. Regjeringa har derfor funne det tenleg å leggje ein nærmare gjennomgang av tilrådingane frå kartleggingsutvalet om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning fram for Stortinget til vurdering.

Kartleggingsutvalet meiner at det må vere mogleg å gje klare retningsliner og visse føringar i forhold til det som blir praktisert i dag. Dette kan også føre til noko større grad av standardisering i tildelingskriteria. Utvalet meiner vidare at deira

forslag vil kunne føre til at saksbehandlinga kan forenklest og dermed vere mindre ressurskrevjande.

Kartleggingsutvalet foreslår at det ved alvorlege fysiske og seksuelle overgrep i mindre grad enn i dag bør leggjast vekt på kriteriet om kva for følgjer desse overgrepene har hatt for den enkelte. Dette for å markere det uakseptable i at slike overgrep kunne skje overfor barn som var under omsorg av det offentlege. Kartleggingsutvalet peikar på at det kan vere vanskeleg å dokumentere omsorgssvikt og fysiske og seksuelle overgrep. Utvalet foreslår mellom anna at krava til bevis for alvorlege fysiske og seksuelle overgrep må kunne senkast noko ved at ei eigenerklæring om slike forhold blir tillagt stor vekt.

Stiftelsen Rettferd for taperne og støttegruppene har fremma forslag om likt beløp på høvesvis kr 500 000 og 725 000 til alle tidlegare barneheims- og spesialskulebarn som har vore utsette for omsorgssvikt og overgrep. Barne- og familidepartementet viser til regjeringa sitt standpunkt i St.meld. nr. 44 (2003–2004) punkt 10.1 om at den øvre grensa på 200 000 kroner skal gjelde for dei gruppene som er omhandla der. Rettferdsvederlag tek ikkje sikte på å dekkje det samla økonomiske tapet sokjaren har hatt. Erstatninga er meint som ei «handsrekking», der beløpet blir utmålt skjønnsmessig basert på kva som er rimeleg. Billighetserstatningsutvalet gjer vedtak i dei fleste sakene, men det er Stortinget som tek avgjerd i saker der det kan vere aktuelt å tilkjenne erstatning med meir enn 200 000 kroner, og i saker av «særleg politisk art». Når det gjeld saker av «særleg politisk art», er det vist til at dette i første rekke vil dreie seg om saker der fleire fremmar søknader innanfor problemområde som kan samanliknast, eventuelt saker som reiser prinsippspørsmål som gjer det ønskjeleg med ei meir omfattande politisk behandling. Kartleggingsutvalet meiner at det offentlege hadde eit særskilt ansvar for barn som vart plasserte i institusjonar, og som det offentlege hadde teke omsorgsansvaret for. Forholda ved institusjonane der barna var utsette for omsorgssvikt og

overgrep, var både fagleg, pedagogisk og etisk kritikkverdige, dels var dei direkte ulovlege, også etter dåtidas normer og lov- og regelverk.

Kartleggingsutvalet seier at rettferdsvederlag som i dag kan tildelast etter ei individuell vurdering, men det kan også vere ein tanke å innføre ein større grad av standardisering når det gjeld storleiken på rettferdsvederlaget.

Det vil vere opp til Billighetserstatningsutvalet og Stortinget å vurdere storleiken på rettferdsvederlag gitt gjennom Stortinget si rettferdsvederlagsordning for denne gruppa.

Av omsyn til rettferd og likebehandling finn Regjeringa det rimeleg at eventuelle tilpassingar i rettferdsvederlagsordninga blir gjorde gjeldande for alle barn som var plasserte i barneheimar og skuleheimar/spesialskular for barn og ungdom med tilpassingsvanskar/verneskular, uavhengig av plasseringsgrunnlaget. Regjeringa meiner at i den grad barn i andre statlege spesialskular eller institusjonar for funksjonshemma har vore i same situasjon som det kartleggingsutvalet har avdekka, vil Stortinget kunne ta stilling til om ei tilpassing av rettferdsvederlagsordninga for barneheims-/spesialskulebarna også skal gjelde for desse.

Barne- og familiepartementet viser elles til at ein har styrkt Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet, som arbeider med innstilling i saker om rettferdsvederlag. Det er vidare sett av midlar for å sluttføre arbeidet med å skaffe fram og systematisere relevant arkivmateriale, eit arbeid som blei starta av kartleggingsutvalet. Dette gjer at det etter kvart vil finnast meir materiale som både kan fungere som generell dokumentasjon, og som kan føre til ytterlegare effektivisering av behandlinga av enkeltsaker i Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet.

Barne- og familieliderekoratet kjem i denne meldinga ikkje med framlegg om ei ny erstatningsordning. Tilrådingar frå kartleggingsutvalet om tilpassingar i Stortinget si rettferdsvederlagsordning blir lagt fram. Stortinget må ta avgjerd om dette. Meldinga vil derfor ikkje i seg sjølv ha administrative og økonomiske konsekvensar.

## **2 St.meld. nr. 44 (2003–2004) Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener – innhold, konklusjonar og tilrådingar**

I St.meld. nr 44 (2003–2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener* presenterer regjeringa rapporten frå den interdepartementale arbeidsgruppa om den generelle behandlinga av erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet. Denne rapporten er lagd ved meldinga. Behovet for likebehandling av grupper som fremmar erstatningskrav mot staten, blir understreka. Det er lagt til grunn at alminnelege erstatningsrettslege krav også for framtida skal løysast gjennom det eksisterande regelverket. Krav om individuell erstatning basert på kva som blir vurdert som rimeleg er framleis foreslått kanaliserte gjennom Stortinget si rettferdsvederlagsordning, som kan tilpassast for enkeltgrupper som ikkje når fram med krav i dag.

Vidare er det lagt fram konkrete drøftingar og vurderingar av erstatningskrav som ligg føre frå krigsbarn, romanifolk/taterar og eldre utdannings-skadelidne samar og kvener. Konkrete forslag for desse gruppene er fremma på bakgrunn av vedtak i og førespurnader frå Stortinget.

St.meld. nr. 44 (2003–2004) ligg til behandling i Stortinget.

### **2.1 Presentasjon av rapporten om den generelle behandlinga av nye erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet**

Rapporten som er vedlagd St.meld. nr. 44 (2003–2004), inneheld tilrådingar om ei heilskapleg behandling av framtidige erstatningskrav frå ulike grupper i samfunnet.

I rapporten blir det vist til at det i Noreg er eit godt utbygd velferdssystem, der dei sentrale elementa er helsetenestene og ulike sosiale tenester, som eldreomsorg og barnevern.

Det er lagt til grunn at alminnelege erstatningsrettslege krav mot staten, medrekna krav frå organiserte grupper, også for framtida skal vurderast ut

frå det eksisterande regelverket for behandling av slike krav. Det er dei enkelte fagdepartementa som står for behandlinga.

Stortinget si rettferdsvederlagsordning bør brukast der det dreier seg om krav om individuelle erstatningar basert på kva som blir vurdert som rimeleg, også når det gjeld dei krava som i dag ikkje blir imøtekommne gjennom ordninga. I dei tilfella der statlege styresmakter finn det rimeleg å tilkjenne ein økonomisk kompensasjon til personar i ei gruppe som ikkje har rettslege krav på erstatning, kan rettferdsvederlagsordninga tilpassast slik at ho kjem desse krava i møte. Dette kan skje ved at Stortinget gir nye retningsliner til Billighets-erstatningsutvalet. I forhold til konkrete grupper kan dette skje etter ei utgreiing på førehand i Billighetserstatningsutvalet/Justissekretariatet, der også fagdepartementa kan bli bedne om å gje ei framstilling av fakta. På denne måten sikrar ein omsyna til mellom anna likskap, rettferd og effektivitet. Den interdepartementale arbeidsgruppa meiner at det burde vere ein høg terskel for å utvide rettferdsvederlagsordninga. Utbetaling av kontantbeløp til enkeltpersonar frå det offentlege utanom trygde- og sosialsystemet, og utan at det ligg føre eit erstatningsansvar på rettsleg grunnlag, bør framleis reknast som forholdsvis ekstraordinært.

Arbeidsgruppa konkluderer elles med at det ikkje er tenleg å operere med formelle vilkår for kva for typar av krav som bør gje grunnlag for ei særskild tilpassing av rettferdsvederlagsordninga. Det bør derfor ikkje stillast andre krav enn at det blir vurdert som rimeleg å gje enkeltpersonar i ei særskild gruppe ein økonomisk kompensasjon.

Arbeidsgruppa kom også til at krav frå grupper i samfunnet om erstatning basert på skjønn der statlege styresmakter finn det rimeleg å tilkjenne ein økonomisk kompensasjon til gruppa samla, for eksempel utbetaling til ein stiftelse, eit fond eller liknande (kollektiv erstatning), blir vurderte som spørsmål om løying innanfor det departementet som etter sitt saklege ansvarsområde er nærest. Gruppa tilrår at slike spørsmål blir behandla som

ledd i dei ordinære budsjettprosessane i regjeringa og Stortinget. Dette gjer at Billighetserstatningsutvalet korkje skal handtere eller uttale seg om slike krav.

## **2.2 Nærare om Stortinget si rettferdsvederlagsordning**

Nedanfor følger ei kort oversikt over Stortinget si rettferdsvederlagsordning, slik det er framstilt i vedlegg 1 til St.meld. nr. 44 (2003–2004), jf. mellom anna punkt 6.1.1:

Billighetserstatningsordningen er Stortings egen ordning, der enkeltpersoner som har kommet særlig uheldig ut, kan søke om en skjønnsmessig pengekompensasjon. Enkeltpersoner har helt siden 1814 fremmet slike søknader for Stortinget. Ordningen er basert på sedvane, og er ikke nærmere regulert i formelle regler. Praksis er imidlertid i ettertid gjennomgått av St.prp. nr. 72 (1998–1999), jf. Innst. S. nr. 4 (1999–2000).

I den ovannemnde rapporten er det i punkt 6.1.4 gjort greie for grunnprinsipp/avgrensingar:

«Med billighetserstatning menes erstatning som ytes på grunnlag av en rimelighetsvurdering, uten at det foreligger rettslig grunnlag for erstatningsansvar. Ingen har følgelig noe rettslige krav på en slik erstatning. Det finnes ingen formelle retningslinjer for vurderingen, men i rimelighetsvurderingen legges Billighetserstatningsutvalgets tidligere praksis i tilsvarende saker til grunn. Ved vurderingen blir det lagt vesentlig vekt på om skaden har sammenheng med kritikkverdige forhold fra det offentliges side, uavhengig av om dette beror på erstatningsbetingende uaktsomhet.»

«Det gis etter fast praksis ikke billighetserstatning på grunn av vanskelige oppvekstforhold eller sykdom, med mindre det offentlige har hatt innflytelse på det inntrufne og kan klandres. ...»

«Søknadene blir vurdert i forhold til det som var faglig og politisk akseptert på den tid den påstårte skade eller ulempe oppsto. Det at man i lys av senere erfaring og kunnskap vil vurdere tidligere lovgivning, politiske tiltak, behandlingsformer eller lignende annerledes, danner derfor i alminnelighet ikke grunnlag for erstatning.»

«Billighetserstatning innvilges som hovedregel til enkeltpersoner, og bare til den som selv er kommet uheldig ut. Kun unntaksvis gis

erstatning til pårørende/etterlatte, forutsatt at disse selv har lidt et økonomisk tap.»

I punkt 6.1.5 blir forholdet til domstolane og andre kompensasjonsordningar omtalt:

«Billighetserstatning er ment å være en siste mulighet til å oppnå en økonomisk ytelse for den skade eller ulempe man er påført. Det ytes derfor i praksis ikke billighetserstatning hvor skaden eller ulempen omfattes av alminnelige erstatningsordninger eller av trygde- eller forsikringsordninger. Erstatningen er heller ikke ment som et korrektiv eller supplement til mer eller mindre utilstrekkelige trygdeytelser eller sosiale stønader mv. Man kan således etter billighetserstatningsordningen ikke få overprøvd vedtak fattet i andre instanser.»

Om bevisvurderinga heiter det i punkt 6.1.6:

«Billighetserstatning kan ytes dersom det anses tilstrekkelig sannsynliggjort at de anførte forhold har funnet sted, og dersom det er sannsynlig at dette har påført søkerne lidelser/tap av et visst omfang.»

Vidare blir det uttalt om utmåling av rettferdsvederlag, jf. punkt 6.1.7:

«Billighetserstatning tar ikke sikte på å dekke søkers samlede økonomiske tap. Erstatningen er ment som en «håndsrekning», hvor beløpet utmåles skjønnsmessig basert på en rimelighetsvurdering.»

Billighetserstatningsutvalet gjer vedtak i dei fleste sakene, men det er Stortinget som tek avgjerala i saker der det kan vere aktuelt å tilkjenne erstatning med meir enn 200 000 kroner, og i saker av «særleg politisk art». Når det gjeld saker av «særleg politisk art», er det vist til at dette i første rekke vil dreie seg om saker der fleire fremmar søknader innanfor problemområde som kan samanliknast, eventuelt saker som reiser prinsipp-spørsmål som gjer det ønskjeleg med ei meir omfattande politisk behandling.

Berre dei personskadesakene der forholdet skjedde før 1. januar 1975, blir behandla under rettferdsverderlagsordninga, jf. valdsoffererstatningslova, som tok til å gjelde frå dette tidpunktet. For overgrep som har skjedd etter dette tidspunktet, blir søkeren vist til valdsoffererstatningsordninga.

### **2.2.1 Nærare om søknader om rettferdsvederlag for forhold i barneheimar og spesialskular**

Søknader om rettferdsvederlag frå tidlegare barn i barneheimar/spesialskular omhandlar sjeldan

berre påstandar om overgrep; dei dreier seg ofte om fleire forhold. For eksempel kan søkeren ha opplevd fleire år med omsorgssvikt i heimen, kanskje også overgrep, og klandrar styresmaktene for ikkje å ha gripe inn eller for å ha gripe inn for seint. Søkeren kan ha blitt plassert i fleire ulike institusjonar, kanskje også feilplassert. I tillegg hevdar søkeren gjerne å ha fått manglande oppfølging og ettervern. Saka kan også vere til behandling i andre departement eller direktorat, for eksempel hos Utdanningsdirektoratet for vurdering av ein påstand om mangelfull skulegang eller om overgrep i ein skuleheim/spesialskule.

Søknader om rettferdsvederlag grunngitt i omsorgssvikt og overgrep i barneverninstitusjonar blir førebudde og utgreidde av Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet før saka går over til Billighetsstatningsutvalet. Tilsvarande saker i spesialskular blir utgreidde av Utdanningsdirektoratet.

### **2.3 Nærare om erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordningar for romanifolk/taterar og eldre utdanningsskadelidne samar og kvener (del II–IV)**

Det er nedanfor gjort greie for regjeringa sine forslag til tilpassingar i rettferdsvederlagsordninga for krigsbarn, romanifolk/taterar og eldre utdanningsskadelidne samar og kvener. I rapporten frå den interdepartementale arbeidsgruppa som følgjer som vedlegg til St.meld.nr. 44 (2003–2004), er det også gjort greie for dei særskilde erstatningsordningane som allereie er etablerte for enkelte andre grupper (skadde etter strålebehandling, lobotomerte, dykkarar i Nordsjøen, jødar, nordmenn i japansk fangenskap eller under internering under den andre verdskrigen o.fl.).

#### **2.3.1 Erstatningsordning for krigsbarn**

Stortinget bad i 2002 regjeringa utgje alternative erstatningsordningar som ein kompensasjon til dei krigsbarna som blei påførte særlege lidingar, tap og urimelege påkjenningar som følgje av at dei var krigsbarn. Regjeringa foreslår ei tilpassing av ordninga som gjeld i dag ved at kriteria som kan danne grunnlag for rettferdsvederlag, blir utvida til også å gjelde krigsbarna. Det er ein sentral del av forslaget at også mobbing blir omfatta, på nærmere fastsette vilkår. Regjeringa foreslår her også ei lemping av krava til dokumentasjon for rettferdsvederlag avgrensa opp til 20 000 kroner. Vidare følgjer det av regjeringa sitt forslag at det

elles skal gjerast ei individuell vurdering av kvar enkelt søknad basert på om søkeren er påført særleg liding, tap og urimeleg åtferd frå andre som følgje av at vedkomande var krigsbarn. Etter forslaget må det leggjast fram dokumentasjon som viser at søkeren er krigsbarn. Regjeringa foreslår også at det i tråd med gjeldande praksis i rettferdsvederlagssaker skal gjerast frådrag for tidlegare erstatningsutbetalingar for det same forholdet. Regjering foreslår at ei utvida rettferdsvederlagsordning for krigsbarna blir tidsavgrensa.

#### **2.3.2 Erstatningsordning for romanifolk/taterar**

Romanifolk/taterar har søkt om rettferdsvederlag på bakgrunn av fleire forhold, slik som tapt skulegang, mobbing, inngrep frå barnevernet, opphold på Svanviken arbeidskoloni og tvangssterilisering. Det har vore varierande årsaker til at det har vore vanskeleg for romanifolk/taterar å oppnå rettferdsvederlag for desse forholda. I nokre av tilfella, slik som for opphold på Svanviken med tvangsarbeid og ufrivillig omsorgsovertaking av barn, har forholda vore heimla i lov og/eller vore vurderte som akseptabel politikk på det tidspunktet forholda skjedde. I vurderinga av om ein har kome særleg dårlig ut, er også taterane blitt samanlikna med kvarandre, ikkje med majoritetsbefolkinga. Det har dessutan vore vanskeleg å dokumentere i tilstrekkeleg grad at det har skjedd overgrep. Ofte har det vore ein kombinasjon av desse årsakene som har ført til at ein ikkje har fått rettferdsvederlag.

I forslaget om tilpassing heiter det at utgangspunktet i rettferdsvederlagssamanheng om at forhold som var i samsvar med tidlegare tiders lovgjeving og politikk, skal vurderast på bakgrunn av dei normene som gjaldt på den tida då handlingane skjedde, ikkje bør gjelde absolutt. I tilfelle der overgrepet var tiltak frå styresmaktene si side som i særleg grad var retta mot ei bestemt etnisk gruppe, tiltak som tok sikte på å utrydde kulturen og leiemåten til gruppa, bør dette kunne gje grunnlag for rettferdsvederlag. Som eksempel er det nemnt plassering på Svanviken arbeidskoloni, omsorgsovertaking/tvangsadopsjon av barn, tvangssterilisering o.a.

Regjeringa meiner vidare at det også bør kunne tilkjennast rettferdsvederlag for mobbing i dei tilfella politikken til styresmaktene har medverka til å legalisere mobbinga.

Når det gjeld samanlikningsgrunnlaget, jf. kravet om å kome særleg dårlig ut, meiner regjeringa at det rette må vere å samanlikne med majoritets-

befolkinga, ikkje med andre taterar, slik det til no er blitt gjort.

Stortinget har påpeika at det kan vere vanskeleg for personar med bakgrunn i nasjonale minoritetar å dokumentere i tilstrekkeleg grad dei overgrepene som har skjedd. Årsaka til dette er i hovudsak at fleire relevante arkiv er blitt destruerte, og/eller at viktige dokument er blitt borte. Beviskrava i slike saker kan vere så tunge at det i realiteten er vanskeleg å få tilkjent erstatning. Regjeringa meiner at det i vurderingane av kva for beviskrav som skal stillast til dokumentasjon, må vurderast i kva grad det har vore mogleg for søkerane å skaffe nødvendig dokumentasjon. På bakgrunn av den kunnskapen ein i dag har om kva romanifolk blei utsette for, bør det, i tilfelle der det ikkje er mogleg å skaffe dokumentasjon, kunne leggjast vekt på eigenerklæringer.

Det er Billighetsstatningsutvalet som bør stå for den nærmere vurderinga av korleis desse prinsippa konkret kan utformast.

Regjeringa tilrår elles at taterar som tidlegare har søkt om rettferdsvederlag og fått avslag, bør kunne søkje og få behandla søknadene sine på nytt i tråd med dei nemnde prinsippa.

Tvangssterilisering av taterar er særskilt omtalt. Det blir vist til at det ut frå forskingsmateriale er tydeleg at det har skjedd tvangssterilisering i strid med steriliseringslova av 1934, og utan at vilkåra for sterilisering på grunnlag av medisinsk indikasjon har vore til stades. Særleg på bakgrunn av alvoret i slike inngrep meiner regjeringa at det er svært viktig å imøtekome krav om kompensasjon i dei tilfella der det har skjedd. Overgrepene er særleg alvorlege i den grad dei har skjedd som ein del av ein politikk som hadde som siktemål å utrydde kulturen og levemåten til ei etnisk gruppe. På grunn av at det av ulike årsaker kan vere svært vanskeleg å bevise at tvangsterilisering har skjedd, blir det tilrådd ei tilpassing av rettferdsvederlagsordninga ved at det blir lempa på beviskrava. På bakgrunn av den kunnskapen ein no har om situasjonen til taterane, foreslår regjeringa at ein i desse sakene – når ikkje anna materi-

ale eller andre forhold klart tyder på det motsette – bør kunne byggje på eigenerklæringer om at steriliseringa skjedde under tvang eller press, eller elles i strid med vilkåra. I tillegg må ein i den grad det er mogleg legge fram dokumentasjon/bevis for at ein faktisk er sterilisert.

### **2.3.3 Erstatningsordning for eldre utdanningsskadelidne samar og kvener**

Regjeringa tilrår at rettferdsvederlagsordninga blir tilpassa slik at ein kan imøtekome søkerne frå dei samane og kvenene som har kome særleg uheldig ut både som ei følgje av tapt skulegang under krigen og som ei følgje av fornorskingspolitikken. Ei slik tilpassing bør utformast etter mest mogleg objektive og målbare kriterium. Regjeringa tilrår at desse kumulative kriteria blir lagde til grunn: Skulegangen må vere tapt under krigsåra eller rett etterpå som ei direkte følgje av krigen, og ordninga bør vere avgrensa til personar som hadde samisk eller kvensk/finsk som morsmål, og som heller ikkje meistra norsk tilfredsstillande. Ei avgrensing må også gjerast på bakgrunn av kor mange år med skulegang som er tapt (minimum tapt 1,5 års skulegang).

Regjeringa tilrår at personar som tidlegare har søkt om rettferdsvederlag på bakgrunn av tapt skulegang og fornorking, ikkje skal måtte søkje på nytt. Med mindre søkerane ønsker å gje tilleggsopplysningar, bør tidlegare søkerne kunne fremjast på nytt etter stadfesting frå søkerane gjennom foreiningane USKAV og Foreininga tapt skulegang. Det blir vist til at det må undersøkjast om det er mogleg å dokumentere tapt skulegang ut frå arkivmateriale ved Statsarkivet i Tromsø (som ein tidlegare trudde var gått tapt). Når det gjeld dokumentasjon av dei norskkunnskapane søkerne hadde i 1940-åra, vil det vere mogleg å ta utgangspunkt i eigenerklæringer. I den grad det er mogleg bør eigenerklæringer underbyggjast med kunnskapar om språklege forhold i dei aktuelle områda.

### **3 NOU 2004: 23 Barnehjem og spesialskoler under luppen – innhald, konklusjonar og tilrådingar**

Kartleggingsutvalet hadde som mandat å skaffe fram kunnskap om omsorgssvikt og overgrep i institusjonar der barnevernet plasserte barn i tidsrommet 1945–80. Formålet med kartlegginga var å få fram ei meir heilskapleg oversikt over omfanget av omsorgssvikt og overgrep, bakgrunnen for at dette kunne skje, og korleis tilsynsfunksjonane blei utførte.

I dette kapitlet følgjer ei oppsummering frå kartleggingsutvalet av innhaldet og sentrale konklusjonar i NOU 2004: 23, kapittel 1. Vidare følgjer tilrådingane om sjølve erstatningsspørsmålet frå punkt 12.4 i rapporten. For ei nærmare utgreiing blir det vist til til NOU 2004: 23 i sin heilskap.

#### **3.1 Sentrale konklusjonar**

Kartleggingsutvalet har samanfatta dei sentrale konklusjonane. Sitatet under er henta frå NOU 2004: 23, kapittel 1 Sentrale konklusjoner.

##### **1.1 Barnevernsinstitusjonene i historisk lys**

Utvalget har tatt for seg grunntrekkene i barnevernsinstitusjonenes historiske utvikling fram til 1980. Her er det trukket linjer tilbake til middelalderen, da opprettelsen av de første barnehjem i Europa fant sted, og det er gitt en beskrivelse av hvordan et differensiert institusjonsystem som skilte mellom ulike kategorier av nøddlidende og omsorgstengende barn, etter hvert vokste fram. Deretter rettes søkelyset mot de norske private institusjonstiltakene på 1800-tallet, barnehjemmene og oppdragelsesanstaltene, som skulle bli forløpere til 1900-tallets barnevernsinstitusjoner. I epoken mellom vergerådslovens innføring i 1900 og barnevernlovens innføring i 1954 skulle barnehjem og skolehjem bli de viktigste institusjonene for plassering av vanskeligstilte barn. Flere ganger i denne perioden ble det reist sterkt kritikk mot disse institusjonene. Institusjonene hadde trange vilkår både med hensyn til økonomi og personell. Epoken etter barnevernlovens innføring i 1954 fram til 1980 var i starten preget av optimisme og nye faglige perspektiver, men etter hvert skulle konflikter og kritikk dominere bildet, særlig knyttet til spesialskolene for

barn og ungdom med tilpasningsvansker og til verneskolene.

Et viktig trekk ved barnevernsinstitusjonene er den defensive rollen de har inntatt, selv om de har stått overfor krevende samfunnsoppgaver. Dette er uttrykk for at de befant seg inneklemt mellom myndighetenes passivitet i oppfølgingen av lov- og regelverket og et stadig kritisk lys som ble rettet mot dem fra ulike samfunnsaktører. Det siste gjelder ikke minst en årvåken presse, som i mange tilfeller har framstått som talerør for barna og fungert som en institusjonskritisk kraft. I slike sammenhenger har myndighetenes rolle i stor grad vært preget av forsøk på å tilsløre eller skjule det som har blitt framlagt som kritikkverdige forhold. I liten grad har vi sett at styresmaktene har maktet å møte kritikken på en konstruktiv måte ved å initiere de prosessene som kunne medføre forbedringer. Derimot har vi flere ganger sett, når kritikken har lett seg tilbakevise ved at sakkyndige vurderinger har kommet inn i bildet, at svaret på kritikken har bestått i å legge ned de enkeltinstitusjonene som har sittet på anklagebenken. Det gjelder flere barnehjem, men i særlig grad spesialskolene.

##### **1.2 Redningen**

### 4.4 Innspel frå kommunar

Bergen kommune har gjennomført ei granskning av 11 barneheimar, og har etablert ei kommunal rettferdsvederlagsordning. Bergen kommune tok i september 2003 kontakt med Barne- og familidepartementet for å få staten til å medverke med mid-lar til sekretariatet og til å dele utgiftene knytte til den kommunale erstatningsordninga.

Stavanger kommune har i brev datert 6. september 2004 mellom anna fremma ønske om at departementet utgreier nasjonale retningslinjer for granskning, slik at eventuelle kommunale gran-skningar blir samordna, og slik at kommunane ikkje utarbeider ulike ordningar. I denne samanhengen ber kommunen også om at departementet vurde-rer korleis staten vil gje hjelp overfor kommunane i det vidare arbeidet.

Oslo kommune er i gang med granskning av bar-neverninstitasjonar og har i den samanhengen også kontakta Barne- og familidepartementet for å sjå oppfølginga av ei statleg erstatningsordning for barneheimsbarn i samanheng med ei eventuell lokal erstatningsordning.

## 5 Vurderingar og forslag: kvalitet og kontroll, dei generelle velferdsordningane og erstatningsrettslege ansvarsforhold

### 5.1 Innleiing

På bakgrunn av den dokumentasjon som til no er lagd fram, mellom anna i NOU 2004: 23 *Barnehjem og spesialskoler under luppen*, legg Barne- og familidepartementet til grunn at mange barn som var under omsorg av barnevernet og plasserte på institusjon, blei utsette for omsorgssvikt og overgrep av til dels alvorleg karakter i perioden frå 1945 og fram til 1980. Regjeringa ser svært alvorleg på den omsorgssvikten og dei overgrepa som mange barn har vore utsette for. Barne- og familieminister Laila Dåvøy har på vegner av regjeringa bede alle som fekk ein vond barndom i desse institusjonane, om orsaking for det livet dei måtte leve medan dei var i andre si varetekta.

I dette kapitlet kjem Barne- og familidepartementet med si vurdering av dei ulike innspela frå kartleggingsutvalet, interessegruppene og kommunane når det gjeld kvalitet og kontroll, dei generelle velferdsordningane og erstatningsrettslege ansvarsforhold. Desse spørsmåla blir vurderte på bakgrunn av ordningar som finst på området i dag. Kapittel 6 omhandlar forslaga frå kartleggingsutvalet og dei andre organisasjonane om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning.

Barne- og familidepartementet meiner at det ikkje bør setjast i gang nasjonal granskning av alle institusjonane. Kunnskap om omfanget og årsakene til at det skjedde omsorgssvikt og overgrep overfor barneheims- og spesialskulebarn, ligg no føre gjennom NOU 2004: 23. Ei nasjonal granskning av enkeltinstitusjonar vil bli omfattande, tidkrevjande og ei påkjennung for dei involverte enkeltpersonane, jf. rapporten frå Senter for Krisepsykologi nemnd ovanfor. Det blir heller ikkje lengre stilt krav frå interessegrupper om ei nasjonal granskning.

### 5.2 Kvalitet og kontroll

Kartleggingsutvalet kjem med tilrådingar med omsyn til kvalitet og kontroll ved barneverninstitusjonar i dag og i framtida. Sjølv om fokus i denne meldinga først og fremst er retta mot dei som har

vore utsette for omsorgssvikt og overgrep, er Barne- og familidepartementet også opptekne av kva som skal til for å hindre at dette nokon gong skjer igjen.

Barne- og familidepartementet har i den seinare tida gjort mykje for å styrke kvaliteten i og kontrollen med barneverninstitusjonane. Vidare har det vore ei satsing på å utvikle det faglege tilbodet til utsette barn og unge. Staten overtok frå 1. januar 2004 ansvaret for barneverninstitusjonane, eit ansvar som tidlegare var fylkeskommunalt. Dette blei gjort mellom anna for å sikre eit likeverdig tilbod til barn og unge over heile landet. Ansvaret er lagt til Barne-, ungdoms- og familieetaten, som er ein underliggjande etat under Barne- og familidepartementet. Etaten er organisert med eit direktorat og fem regionar.

Fra same tidspunkt blei det innført *forskrift om krav til kvalitet i barneverninstitusjoner*. Denne forskrifa gjeld alle barneverninstitusjonar. Vidare blei det innført *forskrift om godkjenningsordning* for private og kommunale institusjonar. Dette har ført til at krava til institusjonane no er strengare enn dei var tidlegare. Institusjonane skal ha ei definert målgruppe og ei formulert målsetjing for den faglege verksemda. Dei faglege metodane som blir brukte i institusjonen, skal vere fagleg og etisk forsvarlege, vere tilpassa målgruppene og målsetjingane til institusjonen og vere forankra i allment akseptert fagteori. Det er vidare stilt krav til dei tilsette sin kompetanse. Godkjenningsforskrifta gjev dei statlege regionane rett til å kontrollere institusjonane når som helst og på den måten regionane finn tenleg. Dette skal vere med på å sikre at barn og unge som er plasserte i institusjon, får forsvarleg omsorg og behandling og eit godt tilsyn. I kvalitetsforskrifta er det vidare innført internkontrollplikt for kvar enkelt institusjon. Erfaringa er at internkontrollplikta allereie har ført til positive verknader i forhold til det å ha fokus på regelverket og på etterleving av føresegne.

Revidert *forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner* tok til å gjelde frå 1. januar 2004. På same måten som tidlegare er formålet med tilsynet å sjå til at lover og regelverk blir følgde, og at barna får forsvarleg omsorg og behandling i institusjonen.

Tilsynet skal gjennomførast ved besøk i institusjonen og ved systemrevisjon. Tilsynsbesøk skal utførast så ofte som tilhøva i institusjonen tilseier det, men minimum fire gonger i året i institusjonar for barn med alvorlege åtferdsvanskar og minimum to gonger i året i andre institusjonar. Minst halvparten av besøka skal skje utan at dei er varsle på førehånd. Det er presisert i forskrifa at i tillegg til det rutinemessige tilsynet skal institusjonane alltid besøkjast ved klager, når tilsynsorganet blir kjent med uheldige tilhøve, og når andre grunnar tilseier det.

Det blei i den reviderte forskrifa presisert at tilsynsbesøk skal leggjast til tidspunkt der det kan ventast at barna er til stades, og at tilsynsorganet skal ta kontakt med kvart enkelt barn under besøket. Barnet har rett til å snakke med dei som gjennomfører tilsynet, utan at institusjonspersonalet er til stades. Fokuset på at kvart enkelt barn skal kontaktast og gjevest høve til å snakke med tilsynet utan at nokon tilsette frå institusjonen er til stades, er viktig.

Det går vidare fram av forskrifa at Fylkesmannen skal gje barna informasjon om at dei kan ta kontakt utanom tilsynsbesøk. Barna skal også få informasjon om korleis dei kan kome i kontakt med Fylkesmannen.

*Forskrift om rettigheter og bruk av tvang under opphold i barneverninstitusjon* blei revidert i 2003. Ei overordna føresegn i forskrifa er at institusjonane må drivast på ein slik måte at den personlege integriteten til barna blir sikra.

Barne- og familidepartementet er oppteke av at reforma i barnevernet, og dermed kvaliteten og verksamda elles i barneverninstitusjonane, må følgjast tett opp. Det årlege tildelingsbrevet til direktoratet er sentralt i den styringa Barne- og familidepartementet har med etaten. For 2005 er det her mellom anna lagt særleg vekt på systematisk oppfølging av private og offentlege institusjonar. Direktoratet skal syte for at regionane har rutinar for kontinuerleg kontroll med institusjonane. Eit anna fokusområde er rettane til barn og unge under institusjonsopphaldet, og særleg bruken av tvang. Direktoratet skal sjå til at det blir utarbeidd skriftleg informasjon om dette til utdeling til barn og unge i barneverninstitusjonar. Vidare må direktoratet syte for at regionane har eller etablerer rutinar for oppfølging av tilsynsrapportar om brot på regelverket overfor kvar enkelt institusjon. Eit anna hovudmål er at direktoratet skal syte for eit likeverdig tilbod i heile landet og lik praksis og forståing i regionane. Departementet har vidare lagt vekt på høg kompetanse og eit godt fagleg nivå i det regionale barnevernet. Direktoratet skal utar-

beide ein plan for systematiske opplæringstiltak innanfor Barne-, ungdoms- og familieetatene. Planen skal sikre at dei tilsette har kompetanse og kunnskap mellom anna om barnevernlova, forvaltningslova, anna relevant regelverk og om andre faglege spørsmål som gjeld arbeids- og ansvarsområdet til den enkelte. For å sikre fokus på rettane til barn og unge under opphaldet i barneverninstitusjonar, medrekna bruken av tvang, skal det etablerast eit system for opplæringstiltak i alle regionar som gjer at alle tilsette i statlege institusjonar får grundig opplæring i forskrifa om rettar og bruk av tvang. Det skal vidare utarbeidast rutinar som skal sikre at dei tilsette kan halde ved like og oppdatere kunnskapane om regelverket.

Barne- og familidepartementet er samd med kartleggingsutvalet i at alle tiltak som er sette i gang, må følgjast opp med tilstrekkelege økonomiske ressursar, forsking og evaluering. Dette blir følt ført nære, mellom anna gjennom styringsdialogen med Barne-, ungdoms- og familidirektoratet.

### 5.3 Dei generelle velferdsordningane i samfunnet

I vedlegget frå den interdepartementale arbeidsgruppa i St.meld. nr. 44 (2003–2004) *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener* blir det sagt om dei eksisterande kompensasjonsordningane, jf. vedlegg 1 punkt 3:

«I Norge står folketrygden sentralt for å gi folk flest en trygghet mot å havne i et økonomisk uføre på grunn av sykdom, uførhet, arbeidsledighet, alderdomssvekkelse, ektefelles død osv. Ytelsene skal gis fra en nåtidsvurdering av den enkeltes situasjon og behov, og er til dels basert på tidligere inntekt. Det offentlige velferdstjenester – innenfor for eksempel skole, helse, sosialomsorg og eldreomsorg – faller i samme kategori. Så vel folketrygden som de offentlige velferdsordningane har delvis hatt som formål å utjewne økonomisk og sosial ulikhet i samfunnet.»

Den interdepartementale arbeidsgruppa slår fast at det låg utanfor mandatet til arbeidsgruppa å vurdere endringar i dei generelle offentlege velferdsordningane, men arbeidsgruppa peikar på at det på desse områda eksisterer reglar som framleis skal gjelde overfor alle borgarar, slik dei gjer i dag. Dei seier vidare at Noreg har eit godt utbygd velferdssystem, og at få land har eit system som er tilsvarende dekkjande i forhold til heile befolkninga.

Dei peikar på at trygdeytingar er ytingar som dei ulike gruppene som fremmar erstatningskrav i stor grad nyttar seg av i dag. Trygdeytingar kan for eksempel avhjelpe problem som kan tilskrivast tidlegare hendingar, men ytingane blir gitt basert på kva som er den sosiale situasjonen til den enkelte, for eksempel i forhold til alder eller uførleik. Vidare seier arbeidsgruppa:

«Som en systematisk tilnærming bør det offentlige satse på å kanalisere ressursinnsats til de ordningene som favner generelt, og basere ytelsjer på en nåtidsvurdering av den enkeltes situasjon og behov framfor å opprette enkeltvise særordninger basert på billighet.»

Kartleggingsutvalet slår også fast at dei viktigaste erstatningsordningane for dei fleste skadelidne er velferdsordningane i samfunnet, jf. NOU 2004: 23 om barneheimar og spesialskulor punkt 12.14:

«Folketrygden dekker det meste av inntektstapet og en rekke utgifter som knytter seg til sykdom og uførhet. Kommunene og helseforetakene yter almennhelsetjenester og spesialisthelsetjenester, og etter loven om sosiale tjenester kan det også gis økonomisk sosialhjelp, bistand fra personlig assistent, støttekontakt og andre sosiale tjenester. Utvalget går ikke nærmere inn på disse ordningene.»

Regjeringa vil ikkje i denne samanhengen foreslå særlege ordningar eller endringar innanfor det ordinære velferdssystemet for gruppa tidlegare barneheims- og spesialskulebarn. Dei ulike ordningane som er etablerte, for eksempel trygdeordningar, helsetenester og sosiale tenester, skal framleis gjelde alle borgarar som har behov for slike tenester. Tidlegare barneheims- og spesialskulebarn som har behov for hjelp og stønad, må få dette innanfor dei gjeldande ordningane.

Det er likevel viktig at både det statlege og det lokale hjelpeapparatet har kunnskap og kompetanse om dei ulike behova tidlegare barneheims- og spesialskulebarn har.

Barne- og familiedepartementet viser til rettleiingstenesta for tidlegare barneheimsbarn som blei oppretta av Barne- og familiedepartementet i 2003. Denne tenesta blei styrkt ved utgangen av 2004. Tenesta ligg no i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, og gjev mellom anna informasjon om rettferdsvederlagsordninga. Her får også den enkelte ved behov rettleiing i å finne fram til rett hjelp og stønad innanfor det ordinære velferdssystemet, og med å etablere kontakt med det lokale hjelpeapparatet.

## 5.4 Årsaker til at overgrep og omsorgssvikt kunne skje – erstatningsrettslege ansvarsforhold

NOU 2004: 23 har vist at det var fleire og samansette årsaker til at overgrep og omsorgssvikt kunne skje. Straffetradisjonen i barneoppsedinga blir trekt fram som noko av bakgrunnen for at fysiske overgrep kunne skje. Det blir på den andre sida vist til at det i det meste av mandatperioden var innført forbod i lovgevinga mot korporleg straff og fysisk refsing. Utvalet peikar vidare mellom anna på at mangelen på personale med adekvat kompetanse, samansetjinga av barn og unge, mangefullt utstyr, økonomiske vanskjer, overbellegg i institusjonane og mangefullt tilsyn er ein vesentleg bakgrunn for at det kunne skje omsorgssvikt og overgrep. Det var fleire instansar som skulle føre tilsyn med barneheimane, og innhaldet i tilsynsansvaret var ulikt. Staten hadde eit ansvar som overtilsyn gjennom Sosialdepartementet ved barnevernsinspektørane og etter kvart gjennom fylkesmennene ved barnevernsekretærane. Kommunane ved barnevernsnemnda eller den som nemnda oppnemnde hadde tilsynsansvaret lokalt. Kyrkje- og undervisningsdepartementet hadde plikt til å føre tilsyn med spesialskulane.

Forholda ved institusjonane der det skjedde omsorgssvikt og overgrep, var dels fagleg, pedagogisk og etisk kritikkverdige, dels direkte ulovlege. Av personar og institusjonar som på ulike måtar kan tilskrivast ansvar for det som skjedde, finn vi enkeltpersonar som var tilsette ved institusjonane, andre barn ved institusjonane, kommunar og private som eigrarar av barneheimar, staten som eigar av spesialskulane og kommunar og staten gjennom det ansvaret dei hadde for å føre tilsyn. Dei politiske styresmaktene hadde dessutan ansvaret for lov- og regelverket og for økonomiske løyingar, i tillegg til det overordna ansvaret for dei aktuelle fagområda. Det er såleis ikkje mogleg å peike på ei klar ansvarsfordeling mellom staten, kommunane og private i desse sakene. Ansvarsforholda må vurderast konkret i enkeltsaker.

I Bergen konkluderte granskingsutvalet mellom anna med at det var svikt både i det kommunale tilsynet og i det statlege overtilsynet. Ansvaret for forholda blei i hovudsak tillagt Bergen kommune som systemansvarleg. Bergen kommune vedtok deretter å opprette ei kommunal rettferdsvederlagsordning.

Kartleggingsutvalet meiner at det kan gjerast modifikasjoner i det regelverket som gjeld for den alminnelege erstatningsretten. Mellom anna kan

det tenkast omvendt bevisbyrde for overgrep og annan alvorleg omsorgssvikt i institusjon og eit utvida arbeidsgjevaransvar og offentleg ansvar for seksuelle og andre alvorlege overgrep som beviseleg har funne stad. Vidare er det foreslått unntak frå foreldingsreglane. Barne- og familidepartementet vil i denne samanhengen vise til at det ble gjort endringar i § 9 i lov om foreldelse av fordringer (foreldingslova) som tok til å gjelde frå 1. juli 2004. Ved endringa blei det gjort unntak frå den absolutte foreldingsfristen på 20 år ved personskade, jf. § 9 nr. 2 a), dersom skaden blei valda medan den skadelidne var under 18 år. Lovendringa gjeld også krav som ikkje var forelda då endringa blei sett i kraft. I Ot.prp. nr. 38 (2003–2004) er det sittert frå høyringsnotatet:

«Foreldesesfristen på 20 år har bare betydning i tilfeller hvor fristen på tre år etter nr. 1 ikke løper ut først. Det vil si at 20-årsfristen bare har betydning i tilfeller hvor det går lang tid fra den skadegjørende handlingen fant sted til skadelidte fikk eller burde skaffet seg nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlige. Finner den skadegjørende handlingen sted tidlig i barndommen, vil 20-årsfristen i vesentlig grad løpe mens skadelidte ennå er mindreårig. Man kan tenke seg flere eksempler på skadegjørende handlinger mot barn som først blir tilstrekkelig synlige etter at barnet har blitt godt voksen, for eksempel alvorlig mobbing, seksuelle overgrep og andre former for mishandling. Det kan her gjerne være tale om psykiske senskader, som man først ser konsekvensene av når skadelidte har nådd voksen alder. I slike tilfeller kan det virke støtende at et erstatningskrav bortfaller ved foreldelse før skadelidte har nådd en slik alder at det kan konstateres hvilke senskader den skadegjørende handlingen har medført.»

Etter Regjeringa sitt syn er det etter den siste endringa i foreldingslova ikkje behov for nye endringar i den alminnelege erstatningsretten. Det er vidare generelt ikkje ønskjeleg å lage nye særreglar avgrensa til å gjelde for enkeltgrupper, for eksempel for personar som har vore utsette for overgrep. Som kartleggingsutvalet peikar på, vil det vere strenge krav sjølv med dei framlegga til modifikasjonar i regelverket som kartleggingsutvalet skisserer.

Barne- og familidepartementet vil understreke at framlegginga av tilrådingane frå kartleggingsutvalet om tilpassingar i Stortinget si rettferdsvederlagsordning ikkje rokkar ved dei rettane enkeltpersonar har etter den alminnelege erstatningsretten. Ein veg å gå for den enkelte som meiner å ha eit

rettsleg krav på erstatning, er å fremme erstatningskrav mot den/dei som ein meiner er ansvarleg. I rapporten vedlagt St.meld. nr. 44 (2003–2004) er det i punkt 4 gjort grundig greie for dei alminnelege erstatningsrettslege reglane, mellom anna vilkåret om at det må liggje føre ansvarsgrunnlag, at det må vere påført økonomisk tap, mein, skade eller krenking som gjev rett til oppreisning, og at det må liggje føre ein årsakssamanheng. Det blir i St.meld.nr. 44 (2003–2004) konkludert med at alminnelege erstatningskrav frå organiserte grupper også for framtida skal løysast gjennom det eksisterande regelverket for behandling av slike krav.

Erstatningsrettslege søksmål retta mot staten på bakgrunn av overgrep eller omsorgssvikt under opphold i barneheimar eller spesialskular vil bli behandla tilsvarande som for andre erstatningskrav retta mot staten.

Det er utarbeidd eigne retningslinjer for behandlinga av slike krav, jf. kgl. res. av 20. desember 2002. Det er ein viss praksis for at staten ikkje gjer gjeldande forelding. I Innst. O. nr. 18 (1995–96) uttaler justiskomiteen mellom anna:

«Komiteen viser til at staten har anledning til å frafalle en foreldesesinnsigelse, og at dette også nesten uten unntak gjøres i praksis der skadelidte ellers ville lide uforskyldt tap. Komiteen vil understreke viktigheten av at denne praksis konsekvent følges opp, ikke minst i saker der det reises krav mot det offentlige for feil eller forsømmelser mot barn og unge. Komiteen mener det ville være klart urimelig om skadelidte blei møtt med en påstand om foreldelse i slike tilfeller, og ber departementet påse at reglene om frafallelse av foreldelse praktiseres i henhold til forutsetningene. Komiteen viser til at hensynet til at skadevolder skal kunne legge forholdet bak seg, og etter en tid skal kunne innrette seg på at den skadegjørende handling ikke vil føre til nye krav, ikke har samme vekt når det er det offentlige som er skadevolder.»

Kartleggingsutvalet peikar på at søksmål vil vere ressurskrevjande for den enkelte, og at det er strenge krav for å oppnå erstatning etter dei allminnelege erstatningsreglane. Utvalet peikar på at dette mellom anna kjem av manglande ansvarsgrunnlag, forelding og mangelfull dokumentasjon.

Det kommunale sjølvstyret gjer at det vil vere opp til kommunane å vurdere på sjølvstendig grunnlag korleis dei vil stille seg til krav om kommunal granskning eller erstatning. Det følgjer av dette at det også vil vere kommunane som må bere

ansvaret for dei eventuelle økonomiske kostnadene. Dersom ein kommune vel å setje i gang ei kommunal granskning, vil Barne- og familidepartementet understreke at det er viktig å leggje til grunn erfaringane frå dei kommunane som allereie har gjennomført slike granskningar. Departementet vil utarbeide nasjonale retningsliner for kommunale granskinger.

Stortinget si rettferdsvederlagsordning vil vere aktuell i dei tilfella der det ikkje ligg føre rettsleg

grunnlag for erstatningsansvar. Denne ordninga omfattar kritikkverdige forhold frå det offentlege si side, både frå kommunane og frå staten. Ordninga vil sikre omsynet til likebehandling innanfor gruppa barneheims- og spesialskulebarn, uavhengig av kva institusjon eller kommune dei tidlegare barneheims- eller spesialskulebarna budde i. I kapittel 6 nedanfor blir det gjort nærmere greie for tilrådingane frå kartleggingsutvalet om tilpassing, slik dei er lagde fram i NOU 2004: 23.

## 6 Nærare gjennomgang av tilrådingane frå kartleggingsutvalet om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning

### 6.1 Innleiing

Sitatet under er henta frå St.meld. nr. 44 (2003–2004) punkt 3.2:

«I de tilfeller der statlige myndigheter finner det rimelig å tilkjenne økonomisk kompenasjon til personer i en gruppe som ikke har rettslig krav på erstatning, kan billighetserstatningsordningen tilpasses slik at den imøtekommmer disse kravene. Dette kan gjøres ved at Stortinget benytter seg av sin mulighet til å gi nye retningslinjer.»

Kartleggingsutvalet, jf. NOU 2004: 23, meiner at rettferdsvederlag vil vere den viktigaste forma for erstatning til dei som kjem inn under mandatet til utvalet. Vidare peikar utvalet på at sidan desse gruppene allereie kjem inn under rettferdsvederlagsordninga, bør det vere aktuelt å gjere ei tilpassing av denne ordninga for desse sakene.

Barne- og familidepartementet meiner også at rettferdsvederlag er ei viktig form for vederlag for tidlegare barneheims- og spesialskulebarn som ikkje har rettsleg krav på ordinær erstatning. Det må understrekast at rettferdsvederlagsordninga er subsidiær. Det er likevel ikkje eit vilkår for å søkje om rettferdsvederlag at ein først har fremma erstatningsrettsleg krav. I dei fleste tilfelle vil Stortinget si rettferdsvederlagsordning vere aktuell for denne gruppa.

Barneheims- og spesialskulebarna er etter Barne- og familidepartementet si vurdering i ei mellomstilling i forhold til forslaga til framgangsmåte for behandling av framtidige erstatningsrettslege krav, slik dette går fram av vedlegg 1 til St.meld. nr. 44 (2003–2004). Gjennom fleire år har det vore reist krav om granskning og erstatning frå denne gruppa. Dette er såleis ikkje «nye» krav. Kontroll- og konstitusjonskomiteen peika overfor statsråd Dåvøy på at det var nødvendig å få ei samla oversikt over situasjonen, og etterspurde i oktober 2003 ei oversikt over omfanget av overgrep og årsakene til at overgrep kunne skje i perioden 1950–1980. Gjennom rapporten frå kartleggingsutvalet har ein no fått faktakunnskap om omfanget av og årsakene til omsorgssvikt og overgrep. I tillegg har

utvalet kome med tilrådingar mellom anna når det gjeld erstatningsrettslege spørsmål. Den politiske prosessen og den etterfølgjande utgreiinga var såleis sett i gang før St.meld. nr. 44 (2003–2004) blei lagd fram.

Regjeringa har derfor funne det tenleg å leggje ein nærmere gjennomgang av tilrådingane frå kartleggingsutvalet om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning fram for Stortinget til vurdering.

Barne- og familidepartementet vil understreke at det i tråd med forslaga i vedlegg 1 i St.meld. nr. 44 er Stortinget som må ta endeleg stilling til om, og eventuelt korleis, rettferdsvederlagsordninga kan tilpassast for tidlegare barneheims- og spesialskulebarn.

### 6.2 Avgrensingsspørsmål

Denne stortingsmeldinga omhandlar dei gruppene og den tidsperioden som var omfatta av mandatet til kartleggingsutvalet. Av omsyn til rettferd og likebehandling finn Regjeringa det rimeleg at eventuelle tilpassingar i rettferdsvederlagsordninga blir gjorde gjeldande for alle barn som var plasserte i barneheimar og skuleheimar/spesialskular for barn og ungdom med tilpassingsvanskar/verneskular, uavhengig av plasseringsgrunnlaget.

Det er reist spørsmål frå fleire hald om ikkje ei tilpassing av rettferdsvederlagsordninga må gjelde alle barn som har vore plasserte på institusjon, uavhengig av heimelsgrunnlag og institusjonstype. Regjeringa meiner at i den grad barn i andre statlege spesialskular eller institusjonar for funksjonshemma har vore i same situasjon som det kartleggingsutvalet har avdekkja, vil Stortinget kunne ta stilling til om ei tilpassing av rettferdsvederlagsordninga for barneheims-/spesialskulebarna òg skal gjelde for desse.

Det vil vere valdsoffererstatningsordninga, ikkje rettferdsvederlagsordninga, som vil gjelde for overgrep som har skjedd etter 1975. Valdsoffererstatninga er avgrensa til kr 150 000 for overgrep som skjedde før 1994. Barne- og familidepartementet stiller spørsmål ved om ikkje omsynet til

likebehandling må tilseie at alle som budde på dei aktuelle institusjonane heilt fram til 1980, bør bli omfatta av ei eventuelt tilpassa rettferdsvederlagsordning.

### **6.3 Gjennomgang av tilrådingane om tilpassing av Stortinget si rettferdsvederlagsordning**

Kartleggingsutvalet har hatt tilgang til alle avgjelder om rettferdsvederlag for tidlegare barneheimsbarn, jf. NOU 2004: 23 punkt 11.3. Det totalinntrykket av sakene utvalet sit att med, er at det ikkje alltid er lett å sjå av saksframstillinga og grunngjevinga kvarfor somme har fått og andre ikkje har fått rettferdsvederlag. Dei seier vidare at det er mykje mogleg at praksis er konsekvent i sine vurderingar, men at med eit så vagt kriterium som at ein må ha kome «spesielt uheldig ut» i forhold til andre i tilsvarande situasjon, må avgjerda i mange saker vere vanskeleg. Dei seier at sakene likevel viser at det blir gjort grundige og langvarige saksførebuingar, som også må vere sterkt ressurskrevjande for det offentlege.

Kartleggingsutvalet viser til at generelle trekk i samfunnet og kva ein kunne forvente av omsorga for barn i den perioden sokjaren var under barnevernet si omsorg, har vore viktig i vurderinga av rettferdsvederlagssaker. Dei viser til enkeltsaker der det ikkje er tilkjent rettferdsvederlag med den grunngjevinga at sokjaren ikkje kom mindre heldig ut enn andre som vokste opp på barneheimar eller spesialskule, eller samanlikna med andre barn som var tekne hand om av barnevernet i same perioden. Utvalet peikar på at korkje styresmakter eller ansvarshavande personar kunne seiast å ha «handla i god tru» ut i frå førestillingar som gjorde seg gjeldande i samfunnet på den tida når det gjeld omsorgssvikt og overgrep ovanfor denne gruppa. Det bør også leggjast til grunn at dette handla om alvorlege krenkingar både etter etiske, pedagogiske og rettslege vurderingar.

Kartleggingsutvalet foreslår at det ved alvorlege fysiske og seksuelle overgrep i mindre grad enn i dag bør leggjast vekt på kva for følgjer desse overgrepa har hatt for den enkelte. Dette for å understreke det uakseptable i sjølv det å bli utsett for overgrep når ein som barn var plassert på institusjon av det offentlege.

Kartleggingsutvalet peikar på at det kan vere vanskeleg å dokumentere omsorgssvikt og fysiske og seksuelle overgrep. Årsakene er mellom anna at arkivmaterialet har vesentlege manglar, dels som følge av dårlege rutinar, dels fordi det er blitt

sletta. Utvalet foreslår at krava til bevis for alvorlege fysiske og seksuelle overgrep må kunne senkast noko, ved at ei eigenerklæring om slike forhold blir tillagd stor vekt. Kartleggingsutvalet peikar på at forsking viser at forklaringar om overgrep i stor grad er pålitelege. Dei reknar med at 95 % av dei som har vore utsette for alvorlege overgrep, fortel ei truverdig historie.

Kartleggingsutvalet meiner at det må vere mogleg å gje klare retningsliner og visse føringar i forhold til det som blir praktisert i dag. Dette kan også føre til noko større grad av standardisering i tildelingskriteria. Utvalet meiner vidare at deira forslag vil kunne føre til at saksbehandlinga kan forenklast og dermed vere mindre ressurskrevjande.

Det vil vere Stortinget og eventuelt Billighetsstatningsutvalet som må vurdere og ta stilling til om, og eventuelt korleis, rettferdsvederlagsordninga kan tilpassast for tidlegare barne- og spesialskulebarn.

### **6.4 Utmåling av rettferdsvederlag**

Både interessegrupper og enkelpersonar har understreka at eit økonomisk vederlag for omsorgssvikt og overgrep under opphold på barneheim/spesialskule må vere av ein slik storleik at det reelt blir oppfatta som rimeleg. Støttegruppene har fremma forslag om at det skal utbeta last eit likt beløp til alle på kr 725 000 etter søknad. Stiftelsen Rettferd for taperne krev at det blir utbeta last eit likt erstatningsbeløp på kr 500 000. Barne- og familiedepartementet viser til det standpunktet regjeringa tok i St.meld. nr. 44 (2003–2004) om utmåling av rettferdsvederlag:

«Når det gjelder størrelsen på billighetserstatningen etter en utvidet ordning, foreslår regjeringen at den øvre grense på 200 000 kroner skal gjelde også etter en billighetserstatningsordning for krigsbarn. Samme beløpsgrense har også vært lagt til grunn i særordninger, for eksempel jødebo-oppgjøret. Regjeringen finner det i denne sammenheng relevant å vise til erstatningsnivået domstolen har fastlagt for oppreisning for seksuelle overgrep på maksimum 150 000 – 200 000 kroner. Veiledende nivå for oppreisningserstatning fastsatt av domstolene til voldtekstofre er 100 000 kroner.»

Det går fram av presentasjonen i vedlegget til St.meld. nr. 44 (2003–2004) at rettferdsvederlag ikkje tek sikte på å dekkje det samla økonomiske tapet sokjaren har hatt. Erstatninga er meint som ei «handsrekking», der beløpet blir utmålt skjønns-

messig basert på kva som er rimeleg. Den øvre grensa for erstatning er kr 200 000. Billighetserstatningsutvalet gjer vedtak i dei fleste sakene, men det er Stortinget som tek avgjerd i saker der det kan vere aktuelt å tilkjenne erstatning med meir enn kr 200 000, og i saker av «særleg politisk art». Når det gjeld saker av «særleg politisk art», er det vist til at dette i første rekke vil dreie seg om saker der fleire fremmar søknader innanfor problemområde som kan samanliknast, eventuelt saker som reiser prinsippspørsmål som gjer det ønskjeleg med ei meir omfattande politisk behandling. Kartleggingsutvalet meiner at det offentlege hadde eit særskilt ansvar for barn som vart plasserte i institusjonar, og som det offentlege hadde teke omsorgsansvaret for. Forholda ved institusjonane der barna var utsette for omsorgssvikt og overgrep, var både fagleg, pedagogisk og etisk kritikkverdige, dels var dei direkte ulovlege, også etter dåtidas normer og lov- og regelverk. Vidare meiner utvalet: *«De fleste av barna hadde et dårlig utgangspunkt da de kom til barnehjemmet, noe som i realiteten var det essensielle utgangspunktet for institusjonslassering. Dersom forholdene ved institusjonen ikke var lagt til rette på en akseptabel måte, ville heller ikke de tidlige problemene kunne bli rettet opp. I stedet ville institusjonslivet bidra til å forsterke den utviklingen som allerede var i gang.»*

Kartleggingsutvalet seier at rettferdsvederlag som i dag kan tildelast etter ei individuell vurdering, men det kan også vere ein tanke å innføre ein større grad av standardisering når det gjeld storleiken på rettferdsvederlaget.

Det vil vere opp til Billighetserstatningsutvalet og Stortinget å vurdere storleiken på rettferdsvederlag gitt gjennom Stortinget si rettferdsvederlagsordning for gruppa tidlegare barneheims- og spesialskulebarn.

## **6.5 Forholdet til andre økonomiske ordningar**

Som påpeika tidlegare, må Stortinget si rettferdsvederlagsordning oppfattast som ein «siste

utveg». Det er likevel ikkje eit vilkår for å søkje om rettferdsvederlag at ein først har fremma erstatningsrettslege krav.

Tidlegare barn i barneheimar/spesialskular kan oppebere trygdeytingar, sosiale ytingar osv. med bakgrunn i dei same forholda som dei søker om rettferdsvederlag for. Dette vil ikkje kome til frådrag i eit eventuelt rettferdsvederlag.

Utbetaling av erstatning etter domstolsbehandling eller gjennom kommunale erstatningsordningar for dei same forholda vil kunne føre til at ein søknad om rettferdsvederlag blir avvist. Det kan likevel søkjast om rettferdsvederlag på grunnlag av andre forhold.

Dersom Stortinget gjer tilpassingar for behandlinga av søknader frå gruppa av barneheims- og spesialskulebarn, kan Stortinget vurdere om dei som har søkt tidlegare og anten fått avslag eller fått utbetalt eit mindre rettferdsvederlag, skal kunne søkje på nytt. Tidlegare utbetalt vederlag må i så fall gå til frådrag.

---

## **6.6 Saksbehandling av søknader om rettferdsvederlag frå tidlegare barneheimsbarn**

Barne- og familidepartementet viser til at ein alle reie har styrkt saksbehandlingskapasiteten i Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet, og at ein i tildelingsbrevet for 2005 til Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet har sett som mål at saksbehandlingstida skal kortast kraftig ned i 2005.

Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet har vidare sett av ekstra midlar for å sluttføre arbeidet med å framskaffe og systematisere relevant arkivmateriale påbegynt av kartleggingsutvalet. Dette gjer at det etter kvart vil finnast meir materiale som både kan fungere som generell dokumentasjon, og som kan føre til ytterlegare effektivisering av behandlinga av enkeltsaker i Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet.

## **7 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Barne- og familidepartementet kjem i denne meldinga ikkje med framlegg om ei ny erstatningsordning. Tilrådingar frå kartleggingsutvalet om tilpassingar i Stortinget si rettferdsvederlagsordning blir lagt fram. Stortinget må ta avgjerd om dette. Meldinga vil derfor ikkje i seg sjølv ha administrative og økonomiske konsekvensar.

Barne- og familidepartementet

tilrår:

Tilråding frå Barne- og familidepartementet av 18. mars 2005 om erstatningsordningar for barn i barneheimar og spesialskular for barn med åtferdsvanskar blir send Stortinget.

---

---

Offentlege etatar kan tinge fleire eksemplar frå:  
Statens forvaltningstjeneste  
Kopi- og distribusjonsservice  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@ft.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@ft.dep.no)  
Telefaks: 22 24 27 86

Andre kan tinge frå:  
Akademika AS  
Avdeling for offentlige publikasjoner  
Postboks 8134 Dep  
0033 OSLO  
Telefon: 22 11 67 70  
Telefaks: 22 42 05 51  
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:  
<http://odin.dep.no/>

Forsideillustrasjon: M.M. Malvin

Trykk: PDC Tangen, Aurskog - 03/2005



241            379  
Trykksak